

## Rep.sak 08-19 Budsjett 2020

Styret rår representantskapet i VØR til å gjere slikt vedtak:

Representantskapet i VØR rår kommunestyra i Volda og Ørsta til å gjere slikt vedtak:

Kommunestyret vedtek i medhald av lov av 13 mars 1981, nr 6 om vern mot forureining og avfall, slike satsar for avfall- og slamgebyr for 2020.

### 1.1

| Artikkel | Renovasjon  | Eks mva    | Inkl. mva  |
|----------|---|------------|------------|
| 1/20400  | Renov. standard (140L våtorg, 140 L papir, 140 L rest)  | Kr 2795,20 | Kr 3494,00 |
| 1/20402  | Renov. storhushald (140L våtorg, 240 L papir, 240 L rest)   | Kr 5031,20 | Kr 6289,00 |
| 1/20403  | Renov. m/kompostavtale (140 L rest, 140 L papir)  | Kr 2236,00 | Kr 2795,00 |
| 1/20404  | Renov. storhushald ekstra (140L våtorg, 340 L papir, 340 L rest)  | Kr 7267,20 | Kr 9084,00 |
| 1/20406  | Renov. samarbeid standard inntil 2 abonnentar pr. ab. (140L våtorg, 140 L papir, 140 L rest/)                     | Kr 2516,00 | Kr 3145,00 |
| 1/20407  | Renov. samarbeid 240L/340L/660L pr. ab. (140L våtorg, 240L/340L/660L papir, 240L/340L/660L rest)                  | Kr 2656,00 | Kr 3320,00 |
| 1/20408  | Renov. samarbeid storhushald ekstra pr. ab. (140L våtorg, 340 L papir, 340 L rest)                                | Kr 3773,60 | Kr 4717,00 |
| 1/20409  | Renovasjon nedgrave felles container  | Kr 2795,20 | Kr 3494,00 |
| 1/20422  | Renovasjon nedgrave felles >100 einingar. U tillegg. Heil eining.   | Kr 1397,60 | Kr 1747,00 |
| 1/20410  | Renov. standard pluss (140L våtorg, 240 L papir,140 L rest)   | Kr 2795,20 | Kr 3494,00 |
| 1/20412  | Renov. storhushald pluss (140L våtorg, 340L papir, 240 L rest)  | Kr 5031,20 | Kr 6289,00 |
| 1/20413  | Renov. kompostering pluss (240 L papir,140 L rest)  | Kr 2236,00 | Kr 2795,00 |
| 1/20414  | Renov. storhushald ekstra pluss pr. ab. (440 L papir, 340 L rest)   | Kr 7267,20 | Kr 9084,00 |
| 1/20416  | Renov. samarbeid inntil 2 abonnentar standard pluss pr. ab. (140L våtorg, 240 L papir, 140 L rest)                | Kr 2516,00 | Kr 3145,00 |
| 1/20417  | Renov. samarbeid 240/340/660L pluss pr. ab. (140L våtorg, 240L/340L/660L papir, 240L/340L/660L rest)              | Kr 2656,00 | Kr 3320,00 |
| 1/20419  | Henteavtale kvar 14 dag   | Kr 452,00  | Kr 565,00  |
| 1/20420  | Renov. Hyblar.  | Kr 1397,60 | Kr 1747,00 |
| 1/20421  | Renov. samarbeid storhushald ekstra pluss pr. ab. . (140L våtorg, 340 L papir, 340 L rest)                        | Kr 3773,60 | Kr 4717,00 |
| 1/20425  | Ekstra sekk til restavfall  | Kr 70,40   | Kr 88,00   |
| 1/20426  | Fritidshus 50 % høg standard med levering fellespunkt   | Kr 1397,60 | Kr 1747,00 |
| 1/20427  | Fritidshus 30 % middels standard med levering fellespunkt   | Kr 838,40  | Kr 1048,00 |
| 1/20429  | Fritidshus 10 % minimum standard med levering fellespunkt   | Kr 280,00  | Kr 350,00  |
| 1/20428  | Renov. fritidsbustad med eigen 140L behaldar for papir og 140L behaldar for restavfall og 140 L behaldar for glas | Kr 2236,00 | Kr 2795,00 |
| 1/204xx  | Brikker for nedgrave anlegg utover 1 stk. pr. bueining.   | Kr 240,00  | Kr 300,00  |
| 1/204xx  | Returplastsekkar i rullar á 25 sekkar   | Kr 120,00  | Kr 150,00  |
| 1/204xx  | Matavfallposar i rullar á 50 sekkar   | Kr 120,00  | Kr 150,00  |

Alle heile gebyreiningar for hushaldning får årleg levert ut 1 rull for plastavfall, 3 rullar for matavfall, og henting av glas og metallemballasje frå eigen 140L/240L behaldar. Og utlevert ei raud boks for farleg avfall.

| 1.2     | Kloakkslam                                    | Eks mva    | Inkl mva   |
|---------|---|------------|------------|
| 1/20460 | Slamavskiljar inntil 4,5 m3. Kv.2. år tøming. | Kr 1184,00 | Kr 1480,00 |
| 1/20463 | Slamavskiljar inntil 4,5 m3. Årleg tøming.    | Kr 2368,00 | Kr 2960,00 |
| 1/20464 | Slamavskiljar inntil 4,5 m3. Kv. 4. år tøming | Kr 592,00  | Kr 740,00  |
| 1/20469 | Slamavskiljar. Pr. m3 over 4,5 m3             | Kr 564,80  | Kr 706,00  |
|         |   |            |            |
|         | <b>Kloakkslam – tett tank</b>                 |            |            |
| 1/20468 | Tøming av tank inntil 6,0 m3.                 | Kr 3211,20 | Kr 4014,00 |
| 1/20470 | Tøming pr. m3 for tankar over 6 m3            | Kr 630,40  | Kr 788,00  |
|         |   |            |            |
|         | <b>Kommunale fellestankar</b>                 |            |            |
| 1/20472 | Gebyr pr. m3 for årleg tøming > 4,5 m3        | Kr 544,00  | Kr 680,00  |
| 1/20484 | Gebyr pr. m3 for kvar 2 år tøming > 4,5 m3    | Kr 272,00  | Kr 340,00  |
|         |   |            |            |
|         | <b>Tillegg til ordinær tømepreis</b>          |            |            |
| 1/20486 | Tilkøying ved naudtøming                      | Kr 2108,80 | Kr 2636,00 |
| 1/20487 | Tilkøying ved ekstratøming                    | Kr 1461,60 | Kr 1827,00 |
| 1/20488 | Tøming med minislamsugar.                     | Kr 1461,60 | Kr 1827,00 |
| 1/20474 | Oppdrag etter timepris. Pris pr. time.        | Kr 1250,40 | Kr 1563,00 |

Tette tankar skal for både heilårs- og fritidsbustad, tømast kvart år.

Slamavskiljar knytt til heilårsbustad skal tømast annakvart år. Slamavskiljar knytt til fritidsbustad skal tømast kvart fjerde år.

Minislamsugar vert nytta der vegtilkomst ikkje tillèt bruk av standardutstyr. Jfr. Ren.forskr.§ 14.d.

Kostnader ved eventuell spyling av tank, tilløp eller avløp vert å gjere opp direkte mellom abonnent og entreprenør.

2. Vedtaket i punkt 1, er gjort under føresetnad av at gebyrsatsane vert vedtekne likt i både Volda og Ørsta kommunestyre.

*Handsaminga ( 5 røysteføre)*

Samrøystes vedteke i styret i tråd med administrasjonen sitt framlegg i tillegg av fellesframlegg.

### **Saksutgreiing:**

Kommunestyra vedtek renovasjonsgebyra for komande år, etter tilråding frå representantskapet i VØR.

Kommunestyra er VØR sin eigar. Og for at eigar i størst mogleg grad skal vere kjend med status til VØR sitt samfunnsoppdrag, rapportera vi i saka og om oppnådde miljømål og verknadene av vedteken økonomiplan for dei komande år.

### *Status miljømål.*

Representantskapet i VØR vedtok i 2015 ein fireårs plan for å auke materialgjenvinninga frå 39 % i 2015 til 60 % innan 2020 og auke mengda innsamla farleg avfall med 10 %.

Bakgrunnen for representantskapet sitt vedtak er eit samla storting sitt miljømål frå 2008 om 50 % materialgjenvinning innan 2020 og eit samrøystes klimaforlik på stortinget i 2016 om 20 % reduksjon i utslepp frå transport samanlikna med referanseåret 2010.

I 2018 høgda eit samrøystes storting målet til 55 % i år 2025. 60 % i 2030 og 65 % materialgjenvinning i 2035.

I 2016 starta VØR med ei omlegging av innsamlingsordningane for å nå nasjonale og lokale mål. Alle disse strukturelle tiltaka har gitt positivt miljøresultat.

Innsamla glas- og metallmengdene har auka med meir enn 60 % frå då vi hadde bringeordning til returpunkt ved butikkar og på miljøstasjon.

Mengdene innsamla plastemballasje har nesten tredobla seg.

Vi får inn langt meir av mindre typar farleg avfall i raud boksane som vi har sett lite av tidligare. Særskilt små batteri og lyspærer.

Prognosen for 2019 er 72 kg organisk avfall / matavfall pr. innbyggjar. Målet var 55 kg, så innbyggjarane våre har absolutt imponert med innsatsen for miljøet.

Statistisk Sentralbyrå (SSB) sine data syner at vi nådde 40,4 % materialgjenvinning i 2018 og våre data syner at vi styrer mot 55 % i 2019.

### *Mål 2020 og 2021*

Vi kjem no til å fokusere meir på kvaliteten av det som vert samla inn. Hovudinnsatsen elles for å auke materialgjenvinninga vert på grovavfallet som innbyggjarane leverar på Miljøstasjon. Vi ser ikkje at det vert fleire henteordningar heime med det første. Rett nok har EU varsla pålegg om innsamling av tekstilar frå 2025, men infrastrukturen rundt dette er ikkje klar enno. Det ligg nok litt fram i tid.

I 2021 vil vi legge om deler av drifta på Miljøstasjonen i Hovdebygda, slik at enda fleire litt større fraksjonar kan sorterast ut til materialgjenvinning. Det gjeld først og fremst trevirke som kan gå til sponplateproduksjon i utlandet og det gjeld hardplast der vi no har fått eit gjenvinningstilbod.

### *VØR sine ordningar samanlikna med våre naboar.*

Vi har frå 2019 eit innsamlings tilbod relativt likt med størsteparten av kommunane her i landet og kommunane vi grensar til. Nordfjord (NOMIL) i sør og Ytre Søre (SSR) i vest.

For hovudfraksjonane mat-, rest-, plast- og papiravfall har vi lik hentefrekvensen med NOMIL og SSR. VØR har i tillegg ordning for Farleg Avfall med utlevert raud boks til abonnentane, noko dei andre ikkje har. Likeeins har NOMIL og VØR innsamling av glas og metall emballasje i eigen behaldar, noko SSR ikkje har innført. SSR har på sin side frie mengder papp, papir og plast ved sidan av behaldar på hentedag. Der krev VØR sine forskrifter alt opp i behaldar både fordi vi brukar plukkerobot på bilane og fordi ein då reduserar mykje risiko for forsøpling som følgje av vind eller fuglar og dyr som drar plast- avfall utover. Alle tre selskapa har betalingsordning ved levering av grovavfall.

### *Om gebyra og økonomien til selskapet.*

Med like ordningar vert og gebyra våre meir lik snittet på landsplan.

Landsgjennomsnittet for eit standardgebyr er ifølgje SSB kr 2858,- i 2018 tal (eks mva.)

I 2020 er tilrådinga på standardgebyret hos VØR kr 2795,- , dvs. godt under landsnittet.

Økonomiplanen vår syner om lag 10 % gebyrvekst i 2020 og 2021 i samband med at anlegga til VØR må oppgraderast til å handtere dei nye avfallsfraksjonane som er og vert utsortert. Når disse to åra ligg bak oss, vil gebyra følgje normal løns og prisstigning på 3-3,5 % gitt uendra andre rammevilkår og nye lokale og sentrale reformer. Slik vi ser det i dag vil vi i 2021 og 2022 fortsatt ligge under landsgjennomsnittet i gebyr.

Dette er andre opplysningar enn det som vart presentert i 2017 for formannskap og kommunestyre. Grunnen er at vi har bak oss reformer som har kome betre ut enn vi frykta, og vi veit meir no om investering og drift dei neste par år.

Heimesidene til kommunane rundt oss, syner slike standardgebyr i 2019, eks .mva.

|                |            |
|----------------|------------|
| Stranda        | kr 3644,00 |
| Stryn          | kr 3098,40 |
| Hareid/Ulstein | kr 3268,80 |
| Sula           | kr 2876,00 |

### *Sjølvkostfondet renovasjon*

Dette er no tilnærma i balanse. Vi har eit opparbeida underskot på kr 1.016' frå 2018 som må dekkast inn i løpet av 1-3 år.

Om lag halvparten av dette underskotet vert dekt av fond etterdrift deponi som i 2019 vert avvikla.. Regelverket er no endra , slik at om det skulle dukke opp tidligare «synder» frå deponi hushaldningsavfall, er det opna for å dekke det over dagens renovasjonsgebyr. Med liten og ingen etterspurnad og alternativ finansiering om det skulle dukke opp noko, er det ikkje eit poeng å ha eige fond for dette lenger, slik vi ser det.

### *Hornindal*

Vi er klar til å ta over renovasjonen i Hornindal frå komande nyttår. Innsamlingsrutene er laga og vi vidarefører mini gjenbrukstasjon Grodås frå nyttår med dei opningstider som gjeld i dag. Pr dato har vi ikkje fått opplysningar om korrekt tal abonnentar, kva slags oppsamlingseiningar som finst på den enkelte eigedom og matrikelopplysningar, så risiko er knytt til både inntekt og til dels kostnadside. Grunnen til forseinkinga er at Norkart som vår dataleverandør, og har resten av landet å ta omsyn til, og der er mange kommuneendringar på gang. Vi står rett og slett i kø.

Det vert sendt ut informasjon i desember til alle innbyggjarane våre saman med hente-kalendrar, med særskilt helsing til innbyggjarane i Hornindal og informasjon om henteordninga frå nyttår.

Tidleg på nyåret køyrer vi ut raud boks til alle abonnentar.

Behaldarar kjøper vi av NOMIL og er dei som i dag står på staden. NOMIL unngår å hente inn gamle behaldarar, og VØR unngår kjøp av nye behaldarar. Eventuell om merking av behaldar, får vi ta sommaren 2020.

### *Flytting av deler av aktiviteten til Melsgjerdet.*

Reguleringsplanen er no eigengodkjent og dermed er byggeprosessen i gang. Vi reknar med at anlegget er innflyttingsklart hausten 2020. Planane om eit eventuelt biogass anlegg saman med

samarbeidspartar, vert vidareført i 2020. Løyve er det neste som må på plass. Vi har eit realistisk håp om å kome til investeringsavgjerd i 2021/2022.

### **Inntektene.**

Vi ventar reell auke i abonnementinntektene. Volda og Ørsta veks og der er store satsingar i begge kommunane på bustadområdet. Hornindal sine om lag 400 abonnentar kjem og med.

Inntektene elles på renovasjonsområdet vil vere lågare i høve 2019. Årsaka er tilnærma kollaps i markanden for papir. Her har vi tidligare inntektsført opp mot 0,5 mill. kr pr. år, men no er prisen i den internasjonale marknaden nær 0,- Dette har samanheng med importstopp i Asia av papir og plast, noko som gjer at lagera i Europa bokstaveleg talt renn over. EU gir til dels gode intensiver for å få opp lokal europeisk industri som kan ta over, men ting tar tid.

Vi ventar og at det skjer noko med prisane på emballasjeplasten. Reell materialgjenvinning er på 20 %, og risiko for at dette vert klassifisert som restavfall med fiskal avgift på all bruk av plastemballasje, er til stade slik vi vurderer det.

### *Slam*

For slammet er tala usikre, då vi enno ikkje har motteke noko om tal tankar i Hornindal. Det einaste vi veit er at vi skal ta over gåande kontrakt til den går ut om eit par år.

Innafor innsamling skal ikkje abonnentane merke så mykje. Administrativt er det annleis.

Sjølvkostfondet er var på kr 1.674' ved førre årsskifte. Vi tilrår derfor uendra slamprisar for 2020.

### **Kostnadane**

Driftsbudsjettet er justert med endringar som følgje av matavfall innsamlinga og mengder derifrå. Vidare har vi tatt omsyn til tilrådingar frå SSB og KLP. Vi har ikkje lagt inn driftskostnader frå nytt mottaksanlegg på Melsgjerdet då vi trur det formelle overtakingstidspunktet vert opp mot årsskiftet 2020/21.

Det vert ein ekstra innsats omkring informasjon og kommunikasjon ved komande årsskifte med oppstart renovasjon og slam Hornindal, men ikkje ny satsingar som krev meir aktiv kommunikasjon. Andre kostnadsfaktorar i budsjettet er individuelt vurderte i høve kontraktar og behov.

### ***Investeringar – nye tiltak.***

Utbygging på omlasteanlegget på Melsgjerdet startar i 2019, med opning i 2020. Vi vurderer at dette anlegget er klart til overtaking så seint i 2020, at rekneskapen 2021 vil vere det rette tidspunktet å starte avskrivning. Finansieringa er vedteken i 2018 budsjettet, og låneopptaket gjennomført.

Investeringane elles er å få på plass ordningar for Hornindal på ein god måte, etablering av nokre nedgravne anlegg og utvikling av eit par mottakspunkt for fritidshusrenovasjon.



Petter Bjørdal  
Dagleg leiar

Vedlegg: Budsjettet 2020 –taldel.

**VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS**

| <b>Budsjettert resultatrekneskap</b>      | <b>2 020</b>       | <b>Resultat<br/>2 018</b> |
|---|--------------------|---------------------------|
| <b>Driftsinntekter</b>                    |                    |                           |
| Salsinntekter                             | 38 710 254         | 26 946 790                |
| Annan driftsinntekt                       |                    | 134 820                   |
| Fra fond hushaldning og slam              | -                  |                           |
|   | <u>38 710 254</u>  | <u>27 081 610</u>         |
| <b>Driftskostnader</b>                    |                    |                           |
| Varekostnad                               | -52 000            | 7 570                     |
| Lønskostnad                               | -12 159 380        | -10 498 495               |
| Avskrivning                               | -3 336 536         | -3 112 854                |
| Annan driftskostnad                       | -21 409 927        | -14 051 330               |
| Sum driftskostnader                       | <u>-36 957 842</u> | <u>-27 655 109</u>        |
| Driftsresultat                            | <u>1 752 412</u>   | <u>-573 499</u>           |
| <b>Finansinntekter og finanskostnader</b> |                    |                           |
| Annen renteinntekt                        | 200 000            | 220 109                   |
| Nedskrivning av finansiell anleggsmiddel  |                    | -150 000                  |
| Annen rentekostnad                        | -1 952 412         | -368 549                  |
| Annen finanskostnad                       |                    | -                         |
| Netto finansposter                        | <u>-1 752 412</u>  | <u>-298 440</u>           |
| Resultat etter finans inntekt-/kostnader  |                    |                           |
| Ordinært resultat før skattekostnad       |                    | -871 939                  |
| Skattekostnad                             |                    | 282 958                   |
| Årsresultat                               | <u>-</u>           | <u>-1 154 897</u>         |
| <b>Arsoppgjerdisposisjonar</b>            |                    |                           |
| Frå fond slambehandling                   |                    | 393 977                   |
| Til fond hushaldning                      |                    | 1 554 598                 |
| Annan egenkapital                         |                    | -793 678                  |
| Sum disponeringer                         | <u>-</u>           | <u>1 154 897</u>          |